

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Time

Emne: Skav

Bygdelag:

Oppskr. av: Andreas Ropeid

Gard: Sæland

(adresse):

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Avskrift or brev 30.okt. 1960 frå statskonsulent Jon Sæland.

SVAR

" - eg voks upp i den tidi (eg gjeng i 85.året) då det var vanleg at folk skov nestan på alle gardar i övre Time sokn der dei hadde litt eller mykje skav-ved eller skåved som me sa. På Sæland t.d. vart det skave helst mykje so visst som våren kom, ja stundom utx etter heile vinteren. Me hadde på garden (Einar Sæland, far) på lag tjuge klavebundne naut, kring 150 smålog (sausmålog), 10-12 geitsmålog og tvo vaksne öykjer (stundom fyl eller ungöyk au). Det var serleg buje som fekk skav, men stundom öyk og smale au.

Eg sat mykje med skavhædl um vintrane jamvel fyri eg gjekk for presten. Og i mange vintra leigde far ein gamal uppsetmann, Ola Eigjeland, til å skava. Han sat heile og halve dagane, stundom i månadsvis og skov attåt at han gjorde anna småarbeid attåt - t.d. arbeidde sle-dar o.a. Han hadde vori på sildafisket (med Köller i Helevåg) i ungdomen og hadde meir enn mykje å fortelja um. Han munne vera ein forteljar av beste slag.

Etter at eg vart statskonsulent og kom til å bu her [Gvarv], hadde eg i mange år kring 250 smale um vintrane og dei fekk all tid m.a. bar og beit og jamvel ikkje lite skav. Alle tjukke brannar skov me ute i fe-garden og der var smalen so huga på skavet (mest osp) at han mest vilja tröned han som dreiv med skaving."

16025

16025